

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 11.12.2018
SAKSHANDSAMAR: Brit Pedersen
SAKA GJELD: **Koordinering av luftambulansetenesta og flight following av ambulansehelikopteroppdrag i Helse Vest**

STYRESAK: 118/18 A

STYREMØTE: 19.12.18

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Helse Vest vil med dette fortsette å utvikle Haukeland Universitetssjukehus som regionsjukehus i Helse Vest i tråd med det som er lagt til grunn i Nasjonal Helse og Sjukehusplan.
2. Styret i Helse Bergen vil understreke at rolla som koordinator av luftambulansetenesta må knyttast tett til rolla som regionsjukehus og rolla som regionalt traumesenter. På denne måten vil ein sikre ei god samling av kritiske beredskapsfunksjonar og tilhøyrande viktige funksjonar for eit regionalt traumesjukehus.
3. Helse Bergen vil forplikta seg til å gjennomføre eit godt mottak av funksjonen knytt til koordinering av luftambulansen og flight following i Helse Vest gjennom etablering av eit mottaksprosjekt. Helse Bergen vil gjere sitt til å sikre eit godt samarbeid mellom alle involverte partar i å utvikle denne funksjonen vidare.

Oppsummering

Helse Vest blei i Føretaksmøtet 10. januar 2017 gitt i oppdrag å:

«følge opp anbefalinga om at koordineringa av ambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå ein AMK-sentral i kvar region». Ei arbeidsgruppe nedsett av Helse Vest har fått i mandat å anbefale kva for AMK-sentral i Helse Vest som skal ha ansvar for koordinering og flight following av luftambulanshelikopter i Helse Vest. Det er semje i arbeidsgruppa om at det ikkje er føremålstenleg å leggje AMK- LA funksjonen til Helse Fonna eller Helse Førde. Valet står difor mellom Helse Bergen og Helse Stavanger.

Tilrådinga frå prosjektgruppa er delt. Helse Fonna, Helse Førde og Helse Bergen, tilrår at AMK LA-funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Helse Stavanger og Luftambulansetjenesten HF tilrår at AMK LA-funksjonen blir lagt til AMK i Helse Stavanger.

I vår grunngjeving for lokalisering av LA-AMK funksjonen til Helse Bergen har vi lagt vekt på at dette er ein sentral funksjon for å ivareta regionssjukehuset si rolle og at tryggleiken betre vert ivaretatt for luftambulanscrewaa og pasientane ved at straumlinjeforma kommunikasjons- og avgjerdsliner følgjer den reelle pasientstraumen.

Vi er og opptekne av at Helse Vest må vidareutvikle eit regionsjukehus ved Haukeland Universitetssjukehus i tråd med Nasjonal Helse og Sjukehusplan. Dette må bety utvikling av beredskapsorganisasjonen slik at den understøttar ei spissing av dei kritisk viktige medisinske funksjonane som inngår i eit regionalt traumesenter til eit sjukehus. LA-AMK funksjonen heng tett saman med rolla som regionalt traumesenter. Funksjonen har og naturleg kobling til Helse Bergen si beredskapsrolle som nasjonalt senter for behandling av brannskadde.

Fakta

Luftambulanskoordinering er viktig for å kunne nytte helikoptra på Vestlandet effektivt og redusere risiko for at luftambulansen blir utilgjengeleg dersom helikoptercrewaa får for mange flytimar i løpet av ei vakt. Flight following er monitorering og oppfølging av helikopter på oppdrag for å ivareta tryggleiken. Det inneber å hente inn flyrute, data om veret og forventta landingspunkt, samt tal på personar om bord ved alle forflytningar av helikopter. I tillegg kjem iverksetjing av nødvendige tiltak dersom kontakta med helikopter blir broten, innanfor skildra kriterier.

Kommentarar

Rapporten *«Koordinering av luftambulansetenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest»* gir ei god oversikt over kva flight following-funksjonen inneber og har ei grundig drøfting av lokalisasjonsalternativa for LA-AMK.

I rapporten *«Sentrale elementer vedrørende AMK-sentralene»* frå HOD i 2016 blei det anbefalt at koordineringa av ambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå éin AMK sentral i kvar helseregion. Heile arbeidsgruppa er einige i at koordinering og flight following av luftambulansen bør leggjast til éin AMK sentral.

Gevinst ved å samle AMK –LA funksjonen i ein AMK sentral

- Gjennom sentralisering vil ein kunne ha dedikerte operatørar som har LA-koordinering og flight following som hovudoppgåve.
- Større oppdragshandtering vil gje betre kontinuitet og betre kvalitet i arbeidet med koordinering og flygeleiing og dermed også større flytryggleik.
- Ei sentralisering vil profesjonalisere tenesta, kunne redusere forseinking og dobbeltutkall i grenseområda, og gje ei betre utnytting av dei samla helikopterressursane. Hyppigheit av utflydde helikoptercrew på arbeidstid vil truleg også reduserast.
- Ein vil få betre moglegheit til å arbeide systematisk for god ressursutnytting og ein mest mogleg likeverdig tilgang på LA-tenester for befolkninga i regionen.

Kva er viktig for å ivareta ei god luftambulanskoordinering og flight following-funksjon?

Kapasitet og bemanning

LA-koordinatorfunksjonen vil krevje ein eigen person 24/7. LA-koordinator si viktigaste oppgåve er å bidra til auka sikkerheit i luftambulansetenesta og sikre at pasienttransporten vert styrt til det sjukehuset som har nødvendig kompetanse og kapasitet til å gje pasienten behandling. AMK Bergen er ein stor og robust AMK-sentral som har brei erfaring i å handtere store og komplekse hendingar.

- AMK Bergen har 30 årsverk i sentralen, og 26 tilsette har opplæring i LA-koordinering og flight following
- AMK Bergen har ei stabil bemanning med lite turnover, og har ikkje køyrt nyansattkurs på tre år
- AMK Bergen er den AMK-sentralen med flest tilsette i 100 % stilling
- AMK Bergen har størst nedslagsfelt i talet på innbyggjarar
- AMK Bergen har flest 113-hendvingingar og kvar tilsett handterer i snitt dobbelt så mange hendingar som dei andre AMK-sentralane i Helse Vest
- Stor IKT-kapasitet og plass i AMK; 10 fullverdige operatørplasser med ICCS. Det gjer at LA-AMK-funksjonen kan oppretthaldast sjølv ved store og langvarige aksjoner
- HUS grensar mot to naboføretak i Helse Vest, noko som medfører dagleg samhandling mellom AMK Bergen og AMK Førde og AMK Haugesund.

Regionsjukehus med kompetanse og kapasitet

Haukeland universitetssjukehus har ei rekke fleirregionale og nasjonale kompetansesentra og behandlingstenester. Regionsjukehusfunksjonen gjer at Haukeland universitetssjukehus tek imot luftambulansar frå heile vestlandet kvar einaste dag. Regionale oppgåver som er sentrale for regionsjukehusets funksjon bør ligge ved regionsjukehuset. Dette er i tråd med Helse Vest sin strategi Helse 2035 og Nasjonal helse og sjukehusplan som peikar på Haukeland universitetssjukehus som regionens hovudsjukehus.

Kommunikasjon følgjer pasientstraumen

Haukeland universitetssjukehus er det sjukehuset som tek i mot flest akuttpatientar og har den AMK-sentralen som tek imot flest meldingar om akutt sjukdom og skade i Helse Vest. Som regionssjukehus tek Haukeland universitetssjukehus imot flest alvorleg sjuke og skadde pasientar frå andre føretak i regionen. AMK -sentralen har ei viktig rolle i å planleggje pasientforløp inn i sjukehuset. Difor er det viktig at AMK sit med førstehandsinformasjon om dei sjukaste og mest skadde pasientane som treng behandling i regionsjukehuset. Pasientstraumen heng saman med funksjon som regionalt

traumesenter og eit fullverdig kirurgisk tilbod, i tillegg til andre regionsjukehusfunksjonar innan mange spesialitetar.

Nasjonal brannskadefunksjon inneber at det kjem pasientar frå heile Noreg til HUS, men også pasientar frå Norden og Europa jfr. nordisk og europeisk brannskadeplan der HUS har ei sentral rolle.

Regionalt traumesenter

Regionalt traumesenter er lagt til Haukeland universitetssjukehus. AMK Bergen har brei kunnskap om behandlingstilbodet ved Haukeland universitetssjukehus og har jamleg kontakt med traumeteam og traumeleiar. Dette er viktig med omsyn til kva for ressurs LA-koordinatoren vel i den aktuelle situasjonen og også kva ein vektlegg i kommunikasjon med luftambulanscrew. Ei samlokalisering av LA- AMK og regionalt traumesenter til regionsjukehuset er ei føremøn med omsyn til at hardt skadde pasientar vert frakta direkte til rett sjukehus utan forseinkingar jmf. Nasjonal Traumeplan – Traumesystem i Norge 2016. Leiaren for regionalt traumesenter omtalar det som avgjerande at LA - AMK vert lagt til AMK Bergen. Føretaket som styrer logistikken for traumepasientane vil over tid kunne påverke strukturen i regionen, noko som er utfordrande for ein berekraftig traumefunksjon og -miljø. Denne regionen må ha eit hovudssjukehus som skal sikre maksimal kapasitet og slagkraft slik at det kan tene heile regionen effektivt når situasjonen krev det.

Helikoptertrafikk

Haukeland universitetssjukehus er det sjukehuset som mottok flest helikoptertransportar og det einaste sjukehuset som tek imot helikopter frå alle basar i Helse Vest og frå andre helseregionar. 1 av 3 landingar på HUS skjer med helikopter frå Stavanger Universitetssjukehus (SUS) og frå Helse Førde. Derfor er AMK Bergen oftast allereie med i loopen på oppdraga med luftambulansane ved andre føretak i Helse Vest. Til samanlikning er SUS involvert i 2 av 1000 av HUS sine oppdrag. Prinsippet om samheng mellom pasientstraum og kommunikasjonslinene må gjelde også her. Dette var vektlagd då St. Olavs ble vald for LA- AMK i Helse Midt Norge. I rapport «Samhandling virtuell AMK i Helse Vest» frå 2016 var tilrådinga at LA-AMK bør ligge til det føretaket som tek imot flest helikoptertransportar.

Samhandling mellom LA- AMK og AMK ved mottakande sjukehus er gunstig for å ha eit godt førebudd mottaksapparat på sjukehuset når pasienten er alvorleg sjuk eller skada. Dess fleire ledd som skal ta del i ein kommunikasjonsprosess – dess større risiko er det for at noko informasjon forsvinn på vegen, endrast eller vert mistydd. Slik sett er det i eit tryggleiksperspektiv viktig med færrest kommunikasjonsledd – særleg i akutte situasjonar, med alvorlege skadde eller sjuke pasientar, for pasientar som krev samhandling mellom fleire spesialitetar og ved store hendingar.

Det er også viktig at LA-crewa har moglegheit til å treffe LA-koordinatoren ansikt til ansikt for oppklaring, diskusjon og gjennomgang av oppdraga (defusing) noko som kan vere med på å løfte kvaliteten på LA-AMK. Dette vart vektlagd då Helse Førde nyleg bygde ny luftambulansbase og i arbeidsgruppa vart dette løfta fram av Helse Førde og Helse Bergen som eit viktig argument i val av lokalisasjon.

R-AMK

R- AMK er lagt til Stavanger universitetssjukehus. Regional styring av luftambulansetenesta (LA) var ikkje ein del av R-AMK si oppgåve i 2002 då funksjonen ble lagt til Helse Stavanger.

R-AMK har ikkje hatt nokon klar og definert funksjon i Helse Vest. Når R-AMK funksjonen er så vidt vagt formulert som den er og sjeldan vert brukt, har R-AMK liten betydning i forhold til lokalisering av AMK-LA. R-AMK har ikkje ei operativ rolle ved større aksjonar i Helse Vest. R-AMK er ein kommunikasjonssentral, ikkje ein kommandosentral, og er såleis underlagt beredskapsleiinga i det enkelte helseføretak som har ein beredskapssituasjon. Det vil fortsatt vere lokal AMK som eig og styrar aksjonar i eget område.

Effekten av samlokalisering av RAMK og LA-AMK føreset at R-AMK ligg ved regionens hovudsjukehus, noko som ikkje er tilfelle i Helse Vest. Dei 3 andre helseregionane har lagt sine R-AMK til regionsjukehuset. Regionsjukehuset er involvert i flest akutte hendingar og tek imot pasientar ved alle større hendingar. Om R-AMK skal vektleggjast som eit argument for lokalisering av LA-AMK må dette takast omsyn til. Vårt primære standpunkt er at da må R-AMK leggjast til Helse Bergen.

Synergieffektar med andre einingar i Helse Bergen

KoKom er saman med Luftambulansetesten HF ansvarleg for revisjon av kompetanseplanen for LA-koordinatorar i naudmeldetenesta og har i mange år hatt ein AMK-simulator som kan nyttast til opplæring og vedlikehald av kompetanse for personell som skal ivareta LA-koordinatorfunksjonen.

Kostnader

AMK Bergen vil berre ha marginal vekst i driftskostnadane for å etablere LA-AMK funksjonen og denne vil bli dekt innanfor Helse Bergen sin ramme. Det vil heller ikkje vere investeringskostnader ved å etablere LA-AMK ved AMK Bergen, då det allereie er etablert 10 fullverdige operatørplasser med ICCS.

Konklusjon

Helse Bergen, Helse Førde og Helse Fonna tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Dette er fordi AMK-LA då vil liggje i regionssjukehuset, og vere tett knytt til traumesenteret i Helse Vest. Helse Førde og Helse Bergen legg vekt på at nær samhandling mellom traumemiljøet og AMK-LA omkring undervisning, debriefing og evaluering vil sikre kvalitet. Det vert og vektlagt at Bergen har innkomande helikoptertrafikk frå alle basane, og dette gjev moglegheit for direkte kontakt mellom helikoptercrewa og LA-koordinatoren.

I vår grunngjeving for lokalisering av LA-AMK funksjonen til Helse Bergen har vi lagt vekt på at dette er ein sentral funksjon for i ivareta regionssjukehuset si rolle og at tryggleiken betre vert ivaretatt for luftambulanscrewaa og pasientane ved at straumlinjeforma kommunikasjons- og avgjerdsliner følgjer den reelle pasientstraumen.

Føretaket som styrer logistikken for traumepasientane vil over tid kunne påverke strukturen i regionen, noko som er utfordrande for ein berekraftig traumefunksjon og -miljø. Denne regionen må ha eit hovudssjukehus som skal sikre maksimal kapasitet og slagkraft slik at det kan tene heile regionen effektivt når situasjonen krev det.

Vedlegg: Rapport: Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest